

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 30/2006

Møtedato: 14.6.06

Arkiv nr: S 684

S 684, Nørre Trøllhøvd – søknad om tilbygg

Ole-Jacob Christensen søker om å føra opp eit tilbygg på selet på Nørre Trøllhøvd. I søknad er det brukt ulike areal for tilbygget; 15,75 m² og 17,5 m². I søknaden er det opplyst at eksisterande sel er 35 m², men stølsregistert står det at selet er 48 m².

Avvik i areal er ikkje vesentleg for godkjenning av tilbygget, men korrekte tal må bli registert.

Stølen er i bruk etter fjellova og skal behandlast etter § 13 i stølsforskriftene der det heiter:
Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn.

Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.

Statskog har ingen merknader til at søkjaren får godkjent tilbygg på selet, men ber om at ein får klargjort rett areal på dei ulike husa slik at dette kan korrigerast i stølsregisteret.

VEDTAK:

Fjellstyret finn at det er behov for det omsøkte bygg og godkjenner søknaden etter § 13 i stølsforskriftene. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

Fjellstyret ber om at korrekt mål på selet etter tilbygg blir oversendt til fjellstyret.

Byggeløyvet føreset også godkjenning av kommunen.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 15.6.06

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre kommune
Statskog
Ole-Jacob Christensen